



Sak nr 26/2008

Møtedato: 7.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 617

S617, Nørre Trøllhøvd – søknad om tilbygg på sel

Steinar Haugrud søker om å få rive delar av det gamle selet og føre oppatt eit tilbygg med nytt areal på ca 80 m² (BRA). Eksisterande sel er i seterregistert ført opp med 62 m².

I sak 39/07 avslo fjellstyret byggesøknad på sel med areal på 106 m². Vidare gjorde fjellstyret vedtak om at del av uthuset som utan løyve er gjort om til anneks skal først tilbake til kokehus og innreiast slik at det ikkje blir overnattingsfunksjon i huset. Haugrud søker no om å få behalde det ombygde uthuset som kårsel.

På stølen er det registert følgjande bygningar: uthus 38 m², fjøs: 73 m², løe 31 m² og sel: 62 m². Stølen var i bruk til mjølkeproduksjon fram til 2006, og etter eitt års pause vil søkjaren starte opp att mjølkeproduksjon på stølen sumaren 2008.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskrifta der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Oppland fylkeskommune skriv i brev datert 29.4.08: *Fylkeskonservator vil konkludere md at huset har fått en størrelse og form som betre samsvarer med byggeskikken på stølene.*

Statskog skriv i brev datert 7.5.08:

Vi legger til grunn at det nå er snakk om mjølke drift på denne stølen, og ser derfor at det kan være behov for større boareal i forbindelse med driften.

Etter vårt syn kan dette løses på en av to måter. Man kan enten tillate en utvidelse som omsøkt, og samtidig stille krav om at kokehuset tilbakeføres til kokehus. Vi kan ikke se at det er behov for kårsel og stort hovedsel på stølen, og til sammen vil eksisterende sel og kokehus utgjøre et areal på 100 m² (BYA).

Ettersom stølsbruker uten tillatelse har valgt å ta i bruk kokehuset som anneks er det rimelig å anta at stølen ikke lenger har behov kokehus. Med erfaring fra andre og liknende saker viser det seg å være en utfordring å etterprøve at slik bebyggelse ikke brukes i strid med formålet. Således mener vi det er et godt alternativ å tillate en midlertidig bruksendring av kokehuset som anneks så lenge stølen benyttes til mjølkeproduksjon.

Dette vil i våre øyne være en rasjonell utnyttelse av stølen eksisterende bebyggelse, samtidig som det vil fri fjellstyret for en vanskelig oppgave med etterse at kokehuset tilbakeføres som kokehus og at dette forblir slik.

Statskog tilrår følgelig at fjellstyret avslår søknaden om utvidelse av selet, men samtidig åpner for en midlertidig bruksendring av kokehuset som sel nr. 2 så lenge stølen benyttes til mjølkeproduksjon.

Vi har for øvrig ikke innvendinger til at selet tillates utvidet som omsøkt mot at kokehuset tilbakeføres til kokehus, men vi er som sagt av den oppfatning at dette er en dårligere løsning for fjellstyret så vel som stølsbrukeren.

Administrasjon har kontakta søkjaren på bakgrunn av Statskog si uttale. Haugrud ynskjer å få eit sel som er praktisk. Ei delt løysing med eit lite sel og eit lite kårsel er uaktuell. Om han ikkje får godkjent kårselet, ynskjer han å få byggje på selet til 80 m² (BRA) og han vil føre det ombygde uthuset tilbake til uthus.

På stølar med mjølkeproduksjon har fjellstyret lang tradisjon for å godkjenne kårsel. Statskog har tidlegare ikkje hatt merknader til dette. Ved å følgje tilråding frå Statskog vil det bli forskjellsbehandling samanlikna med tidlegare søknader.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte tilbygget på selet og godkjenner søknaden om sel på 80 m² (BRA) i samsvar med teikningar som er lagt fram.

Vidare finn fjellstyret at det er behov for kårsel, og den del av uthuset som er bygd om blir godkjent som kårsel.

Vedtaket er gjort med heimel i § 13 i stølsforskrifta. Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.5.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Steinar Haugrud
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskommune